

MØTEPROTOKOLL

--

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd		
Sak frå : 58 / 2016 Sak til: 63 / 2016	Onsdag 7 september 2016.	Møtestad: Kyrkjelydshuset.

Frammøtte: 7 av 7 medlemmer.

Til stades

Medlemmer:

Kjellaug Fauskanger Eidsaa, Ivar Eidsaa, Kjell Berland, Solfrid Kongshaug Aase, Astrid Marie Haugland, Anny V. Bekkenes og Reidun Håpoldøy.

Varamedlemmer:

Meldte forfall:

Administrasjonen:

Andre frammøtte:

Sak / år:

58/2016: Møteprotokoll frå møte 17 august vart godkjent.

Merknad: Takkoffer 21/8 var til Kia Askøy.

59/ 2016: Meldinger:

- Takkebrev for offergåver vart lese opp.
- Angående felles gudsteneste på Herdla 1 Pinsedag: Pålegg frå biskopen at det er gudsteneste i fire av kyrkjene på Askøy 1 Pinsedag og i ei kyrkje 2 Pinsedag. Mail frå biskopen og Øystein Skauge vart lese opp.
- Brev frå Leif Heggernes. Vedtak: Vi gjev kr. 5000 ekstra til Misjonsprosjektet Leif Heggernes.
- Inspirasjonssamling for kyrkjas frivillige tysdag 20 september i Erdal kyrkje, kyrkjelydsalen.
kl.18.00 middag (påmelding)
kl.19.00 vert ordet gjeve til Torill Hansen Kongsbakk.
- Diakonikonferanse i Salem konferansesenter: HÅP for kven- for kva?
Torsdag 3 november kl.10-16.

60/ 2016: Gudstjenesteliste:

17/08: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.

21/08: kl.11.00: Hovedgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: Kia Askøy.

Ansvarleg: Team 1.

04/ 09: kl.11.00: Hovedgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Nattverd. Offer: Eige arbeid.

Ansvarleg: Team 2.

.....
14/09: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter, Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.

18/09: kl.10.30: Konfirmasjonsgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland.

Offer: Ungdomsarbeidet på Askøy. Ansvarleg: Alle team.

18/09: Kl.12.30: Konfirmasjonsgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland.

Offer: Ungdomsarbeidet på Askøy. Ansvarleg: Alle team.

02/10: kl.11.00: Hovedgudsteneste v/ Peter Johansen. Dåp. Offer: Eige arbeid.

Ansvarleg: Team 3

16/10: kl.11.00: Hovedgudsteneste v/ Harald Forland. Nattverd. Offer: Diakonalt arbeid

Askøy. 50 års konfirmantjubiläum. Ansvarleg: Team 4.

19/10: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter, Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.

61/ 2016 :Konfirmasjonsgudstenestene 18/09 2016

Det er to konfirmasjonsgudstenester , kl.10.30 og kl.12.30, og alle teamene bør møta på begge. Det er mange oppgåver og vi må møta i god tid. Nokon må ynskja velkomen, visa tilrettes og dela ut program. Andre oppgåver er å lime inn skriftstader i konfirmantbiblane, lesing, hjelp ved døypefonten og lysgloben, dele ut roser og telje opp kollekt.

62/ 2016: 50 års konfirmantjubiläum 16/10 2016:

Gudsteneste kl.11.00 og fest i kyrkjelydshuset etterpå.

Organisering: Team 4 har ansvaret i kyrkja.

Dei som kan, hjelper til i kyrkjelydshuset både med forbereding og etter gudstenesta.

63/ 2016: Eventuelt:

- Ledsagerbevis: Oppfordring frå kyrkjerådet om å godta ledsagerbevis for ledsager til arrangement i kyrkja og ikkje ta betaling for denne.
Vedtak: Soknerådet vedtek at alle som leiger kyrkja, må godta ledsagerbevis.
Kyrkjekontoret bes om å skriva dette inn i leigekontraktene.
- Søknad frå diakoniutvalget om støtte til adventsfest for psykisk utviklingshemma.
Vedtak: Soknerådet støttar arrangementet med kr. 2000.
- Anny V. Bekkenes søker om fritak frå soknerådet av helsemessige årsaker.
Vedtak: Soknerådet innvilger søknaden og varamedlem rykkjer opp.
- Leiar ordnar på Team 4, fordi Anny V. Bekkenes også trekkjer seg frå dette.
- Det er savna bøn for 1 års dåpsbarn i gudstenesta.
- Forslag til ny oppslagstavle (bilete) er sendt til kyrkjeverje. Det er ein felles komité for dette og forslaget er videresendt der.
- Astrid Marie orienterte ein del om Lutherjubileet.

Neste møte vert onsdag 26 oktober kl.19.00.

S. Herdla 11 september 2016.

Reidun Håpoldøy.

referent (sign)